

Hyllestad sokneråd – svar på Høyring om Ny kyrkjeleg organisering.

Svar frå Hyllestad sokneråd. Vi har valt å skrive dette i «stilform» og besvart nokre av høyringsspørsmåla.

Høyringa vi er beden om å svare på, peikar på dei mange utfordringar Den norske kyrkje vil møte i åra som kjem. Hyllestad sokneråd meinar også at det i framtida vil vere nausynt med endringar – men vi ser ikkje at det nye prostifellesrådet er det som kan løyse utfordringane vi står ovan for.

Etablering av prostifellesråd.

- Hovudfokus for omorganiseringa må vere at soknet ikkje vert svekka og at heller ikkje tilknytinga til kommunen vert skadelidande. Med senkande medlemstal må folks tilhøyre til lokalkyrkja bli forsøkt halden oppe. Det er svært viktig for oss å bevare det lokale engasementet. Frivillig arbeid vil bli meir viktig i framtida enn i dag.
- Vi meinar elles at det er problematisk å meine noko før KR si utreiing om gjennomgang av dagens prostistruktur m.m. med frist 31.12.2021. Denne burde vore ein del av denne høyringa som har frist 1 mnd. før nemnde utreiing er ferdig.
- Endringa må ikkje bli ei **for** sterk sentralisering av kyrkja og såleis opplevast «ovanfrå og ned», slik at soknet vil bli svekka. Stort nok til å handtere ulike administrative, faglege og strategiske oppgåver. Nært nok til å ha legitimitet i sokneråda og framleis ha gode relasjonar til kommunane.
- Her er mange små kommunar med få innbyggjarar, med mange små fellesråd og sokneråd i eittsoknskommunar. Dette kan med fordel bli endra til noko større einingar.
- Fordelar med større einingar enn dagens fellesråd i kommunane er: Større fellesskap, auka profesjonalisering av fagområde; personal, kyrkjebygg, gravplass, felles HMS (no delt). Auka tverrfagleg samhandling. Redusere sårbarheit ved sjukefråvær
- Det må jobbast for at kommunane ikkje får svekka band til lokalkyrkja, om dei kommunale løyvingane skal til eit nivå utanfor kommunen. Det vil kunne gå ut over storleiken på løyvingane.
- Kommunal representasjon i kyrkjeleg fellesråd må vidareførast som i dag. Dette for å vidareføre tett band mellom kommune og kyrkje.
- Kommunal finansiering til investering innan kommunen/ soknet må bli øyremerkt den kyrkja og gravplassen det gjeld.

- Størst negativ ulempe er det i grisgrendte strøk med store geografiske avstandar. Meir tid til å forflytte seg går ut over tidsbruk til kyrkjebyggande arbeid innanfor sentraliserte stillingar. Auka avstand til soknet gir mindre kjennskap til menneska ein skal tene.
- Tilsette i små stillingar lokalt i sokna, særleg kyrkjetenarstillingar, får auka avstand til arbeidsgjever, dette kan skape enda større utfordringar med tanke på rekruttering.
- Meir reising er negativt også av miljøomsyn og kostnadar.

Kva modell for arbeidsgjevarorganisering er å anbefale? [Modell 1 / Modell 2 / Modell 3]

Kyrkjemøtet vedtok alt tilbake i 2005 målet om felles arbeidsgjevarline i framtidig kyrkleordning i Den norske kyrkja.

- Modell 1, men vel å merke med lokale tilpassingar er den einaste modellen som hentar både sin rettslege handleevne og legitimitet frå soknet.
- Modell 2. Her peikar utvalet sjølve på at denne modellen svekker soknet si stilling. Det må i tilfelle reiast ut om soknet som juridisk eining skal opphøyre.
- Modell 3. Kyrkjemøtet har vedteke felles arbeidsgjevarline, noko som ligg i botnen for høyringa. Med denne modellen vil todelinga fortsetje.

Andre innspel/ synspunkt

- Vidareføre samhandling med kommunane er avgjerande viktig.
- Viktig at ikkje geografi (auka avstandar) hindrar ein eventuell gevinst med å sentralisere administrasjonen.
- Gravplassmynde si forvalting, som dei fleste fellesråda har i dag, er alt for lite vektlagd i høyringa. Det er uheldig med bakgrunn i lovendringa i ny trussamfunnslov som gir kommunane rett til å overta gravplassforvaltinga, om dei ønskjer. Gravplassforvaltinga har i dag stor betydning for økonomi og stillingar lokalt i fellesråda.
- Kyrkjebygg som forfell blir ei større og større utfordring framover. Soknet eig kyrkjebygga medan kommunen har finansieringsansvar.